

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
065/20	Heradsstyret	PS	23.09.2020
069/20	Formannskapet	PS	02.09.2020

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	20/1665

## Mjøsdalen Landhandleri AS - fornying av skjenkeløyvet for 2020 - 2024

### Vedlegg:

Mjøsvågen Landhandleri AS - Serverings- og eller skjenkebevilling - vedlegg til søknad

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"I medhald av alkoholova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1 og 2 for Mjøsvågen Landhandleri AS, Hosanger for tidlegare godkjend areal for uteservering.

Løyvehavar: Mjøsvågen Landhandleri AS, org.nr. 920 997 252.

Styrar: Randi Nordås, f. 14.06.68 vert godkjend. Stedfortredar: Søknad om godkjenning må sendast inn straks stedfortredar er tilsett.

Type verksemd: Landhandleri/Uteservering/Bar

Det vert gjeve allment skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 på avskjerma uteområde. Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2,

måndag – laurdag: kl. 12.00 – kl. 20.00.

Søndag: kl. 13.00 – kl. 20.00

Andre vilkår for skjenkeløyvet:

- Skjenking er ikkje tillate når det er gravferd i Hosanger kyrkje.
- All alkohol skal skjenkast av personalet, og personalet skal ha tilsyn med uteområdet i heile opningstida. Sal og skjenking må leggjast opp slik at grunnlaget for utrekning av sals- og skjenkeavgift vert korrekt.
- Tapping og betaling for det som skal serverast av alkohol, skal gå føre seg i det avgrensa

området der alkoholen skal konsumerast.

Serveringsløyvet vert i medhald av Serveringslova § 3 utvida til å omfatta avskjerma uteområde.

Løyveperiode: 01.10.20 – 30.09.2024.”

### Formannskapet - 069/20

**FS - behandling:**

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

**FS - vedtak:**

“I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1 og 2 for Mjøsvågen Landhandleri AS, Hosanger for tidlegare godkjend areal for uteservering.

Løyvehavar: Mjøsvågen Landhandleri AS, org.nr. 920 997 252.

Styrar: Randi Nordås, f. 14.06.68 vert godkjend. Stedfortredar: Søknad om godkjenning må sendast inn straks stedfortredar er tilsett.

Type verksemd: Landhandleri/Uteservering/Bar

Det vert gjeve allment skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 på avskjerma uteområde. Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2,

måndag – laurdag: kl. 12.00 – kl. 20.00.

Søndag: kl. 13.00 – kl. 20.00

Andre vilkår for skjenkeløyvet:

Skjenking er ikkje tillate når det er gravferd i Hosanger kyrkje.

All alkohol skal skjenkast av personalet, og personalet skal ha tilsyn med uteområdet i heile opningstida. Sal og skjenking må leggjast opp slik at grunnlaget for utrekning av

sals- og skjenkeavgift vert korrekt.

Tapping og betaling for det som skal serverast av alkohol, skal gå føre seg i det avgrensa området der alkoholen skal konsumerast.

Serveringsløyvet vert i medhald av Serveringslova § 3 utvida til å omfatta avskjerma uteområde.  
Løyveperiode: 01.10.20 – 30.09.2024.”

## Heradsstyret - 065/20

### **HS - behandling:**

Ordføraren gjorde merksam på at det etter formannskapet si handsaming er oppnemnd stedfortredar for skjenkeløyvet.

### **AVRØYSTING**

Formannskapet si innstilling med tillegg for stedfortredar vart samrøystes vedteke.

### **HS - vedtak:**

“I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1 og 2 for Mjøsvågen Landhandleri AS, Hosanger for tidlegare godkjend areal for uteservering.

Løyvehavar: Mjøsvågen Landhandleri AS, org.nr. 920 997 252.

Styrar: Randi Nordås, f. 14.06.68 vert godkjend. Stedfortredar: Øystein Øvsthus. F. 06.04.58, vert godkjent med føresetnad om fullført og godkjent kunnskapsprøve innan 01.11.20.

Type verksemd: Landhandleri/Uteservering/Bar

Det vert gjeve allment skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 på avskjerma uteområde.  
Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2,

måndag – laurdag: kl. 12.00 – kl. 20.00.

Søndag: kl. 13.00 – kl. 20.00

Andre vilkår for skjenkeløyvet:

- Skjenking er ikkje tillate når det er gravferd i Hosanger kyrkje.
- All alkohol skal skjenkast av personalet, og personalet skal ha tilsyn med uteområdet i heile opningstida. Sal og skjenking må leggjast opp slik at grunnlaget for utrekning av sals- og skjenkeavgift vert korrekt.
- Tapping og betaling for det som skal serverast av alkohol, skal gå føre seg i det avgrensa området der alkoholen skal konsumerast.

Serveringsløyvet vert i medhald av Serveringslova § 3 utvida til å omfatta avskjerma uteområde.

Løyveperiode: 01.10.20 – 30.09.2024.”

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Skjenkestad: Avgrensa uteområde/kai

Driftskonsept: uteservering med bar

Sitteplasser: 60 stk

Areal: 70 kvm

Periode for servering: januar-desember.

Opningstidspunkt: man-laurdag: kl. 12- kl. 20, søndag: kl. 13- kl. 18

Forventa omsett mengde alkohol pr år: 2200 l (opptil 4,7% alkohol), 250 l (mellom 4,7 og 22% alkohol).

Ønskja skjenketid: kl. 12- kl. 20

Mjøsvågen Landhandleri AS, v/ Randi Nordås, har søkt om fornya skjenkeløyve for si verksemd i Hosanger. Søknaden gjeld Mjøsvågen Landhandleri med bar og uteservering.

I gjeldande alkoholpolitisk plan sagt at skjenkeløyve i hovudsak skal gjevast til verksemder lokalisert til områdesentra i kommunen, og det er opna for å gje skjenkeløyve for brennevin også til uteservering.

Etter alkohollova § 1-6 kan skjenkeløyve gjevast for 4 år om gongen og med opphøyr seinast 30. september etter at nytt kommunestyre tiltrer. I forslag til ny alkoholpolitisk plan er det tilrådd å følgja 4-årsperiodar for sals- og skjenkeløyve.

Søknaden er send til politiet og sosialtenesta til uttale.

#### Vurdering

Rådmannen kjenner så langt ikkje til tilhøve som tilseier avslag på søknaden, og ein vil difor tilrå fornying i samsvar med søknad. I rådmannen si tilråding er skjenke- og opningstider fastsette i samsvar med ny alkoholpolitisk handlingsplan. Denne serveringsstaden har sidan opninga hatt stabil

drift, og den er eit viktig tilbod for både fastbuande og tilreisande til Mjøsdalen.

Hovudregelen i alkoholhollova er at sals- og skjenkeløyve for alkohol vert gitt for inntil 4 år og med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Lova opnar for at kommunen kan vedta vidareføring av alle sals- og skjenkeløyve for nye 4 år. Kommunen kan og fastsetja retningsliner for kva løyve som må fornyast og kva som kan vidareførast. Føresetnaden for dette er at kommunen først har gjennomgått alkohol- og løyvepolitikken.

Rådmannen vil ikkje foreslå ein ny praksis i h.t. fornying av sals- og skjenkeløyve, men at ein fortsatt held fast ved løyveperiodar på 4 år, og med handsaming etter kvart kommunestyreval.

Folkehelse	-	søknaden inneber ingen endring i h.t. dagens drift
Miljø	-	søknaden inneber ingen endring i h.t. dagens drift
Økonomi	-	ikkje vurdert

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram for formannskapet til handsaming og innstilling til heradsstyret.